

I krig og kjærleik...

103697

Av Arntfinn Moland

Norske okkupasjonshistorikarar har i haust hatt ein varm pust i nakken, dels frå kollega Nils Johan Ringdal, dels frå gamle, interessantar. Dei siste målber ofte sine tankar i organet «Folk og land», utgitt av ein krets gamle NS-medlemmer, og har tilsynelatande fått den eine knaggen etter den andre å hengja hatten på. Det treng dei, for under armen er det trangt.

Dette ordskiftet har gått langs to liner, den første har vore kravet om ein revisjon av historiekritikken om okkupasjonen. Ringdal har ved eit par høve komme med diffusse yttringar om emnet i Dagbladet, sist 9/11. Han har brukt ord som «Skodvin-skolen» og «Hjemmefrontens frimureri», og av slik kelappsjargong blir det lite konstruktivt.

Poengert og saklig blei dette kommentert av kollega Terje Halvorsen (25/11). Ringdal har sjølv sagt rett når han, så langt eg kan forstå, etterlyser frigjering frå skrivetradsjonar som er kjenneleika av lite avstand til stoffet, bokstaveleg talt. Men er ein på heltejakten, kjem gribbane raskt dersom ein ikkje reinskår opp etter seg.

Det sentrale spørsmålet er, som også Halvorsen peikar på: Inneber Ringdals revisionismekrat at okkupasjonshistorikaren skal stilla seg meir eller mindre nøytral i hove til eit nasjonalistisk og demokratisk verdigrunnlag, feks. ved å forkasta store deler av rettsoppgjøret etter krigen? Trass i alle omvurderinger og skiftande vindar måtte dette vera klinkande klart:

Frå og med 9. april 1940 var det visse trekkr med kvar persons handlemåte som gjorde han meir eller mindre utsatt for straff etter 8. mai 1945. Skalagen går frå aktiv politisk og militær deltagning på tysk side til eit meir eller mindre passivt medlemskap i partiet som fullt og heilt støttet okkupanten, nemleg Nasjonal Samling. (Vi ser her bort frå dei økonomiske aspektene.) Dei fleste nordmenn heldt seg passive, stilt overfor okkupanten 1940-45, utan at dette kan seiast å vera korkje rett eller galt.

Dei aktive engasjerte seg på den si-

da som var mest i samsvar med deira politiske haldning og morsakles leining. I ein slik situasjon må deltagarane reikna med å stå til ansvar for sitt sidevalg, alt etter kven som går seierrik ut av oppgjøret/krigen. A hevda at dette er «seierherrens justis» er like originalt som å påstå at jorda er rund. Poengen er kva slags justis seierherren praktiserar, og dei fleste vil hevda at dei som seira 1945 verdsatte rettsstatens speleregler vesentleg hegare enn taparen.

Slike resonneremang forstår ikke NS-kretsen rundt «Folk og land», og det skal vi vel heller ikkje venta. Men det er fleire og flere utanom denne kretsen som tuklar med krigen utan å ha dei mest elementære definisjonar klart for seg. Dette er den andre linja i debatten: Kravet om omvurdering av «heltar», og rehabilitering av «skurkar». «Folk og land» har hatt ei tilkande aggressiv utvikling, med stadig nye giesteskribentar frå høgresida i norsk presseverden.

Krumtappen er Idar Aarheim. Eit av hans gullkorn er at norsk motstandsørseigentlig var uulovleg. Han er seint ute med sin visdom. Dette slo okkupantane fast for over 40 år sidan! Når han så får «Hjemmefront-



Heil og sæl!

(Foto: Johan Brun)

■ ■ Når ein er på heltejakten, kjem gribbane raskt dersom ein ikkje reinskår opp etter seg. Fleire og fleire utanom NS-kretsen rundt «Folk og land» tuklar med krigen uten å ha dei mest elementære definisjonar klart for seg, skriv historikaren Arntfinn Moland ved Norges Hjemmefrontmuseum. Tidligere innlegg i ordskiftet om krigshistorien har stått 24/10, 11/11, 18/11, 25/11 og 1/12.

ledar Erland Aasdahl» på kroken, anar vi eit veksande klima for ei politisk «nytenking». «Det var regjeringa Nygaardsvold som eigentleg skulle ha vore tiltalt etter krigen. Quisling er misforstått, men hadde rett.

Dette er like nytt som krukket, men det verkar stadig like tiltrekkjande på mange med eit slett politisk samvert frå våren 1940 og med tilhøyande Arbeiderparti- og Nygaardsvold kompleks. Haustens debatt om frontkjemparane fell inn i same mønster. På nytt må vi minna om det elementære at Norge var okkupert, og at frontkjemparane valde same side som okkupantane. Vanskelegare er det ikkje.

Dersom vi ikkje for all framtid slår fast at politisk usemje og motstand mot ei lovleg regjering må bannlystas frå den time fienden står i landet, vil all forsvarsdebatt vera fánnytes og alle forsvarsmilliardar bortkasta. Dette, og ingenting mindre, står på spes når vi droftar om det var på sin plass i 1945 å straffe medlemmer av eit politisk parti som støttet fienden. Rokkar vi ved dette, rokkar vi ved alle dei tilslitbands som fins mellom innbyggjarane og staten i eit fritt demokrati.

Eg er ikkje i tvil om Ringdals haldning til eit så fundamentalt spørsmål, men fordi han, ialfall tilsynelatende, tar i rettsoppgjøret med lange fingrar, ryddar han land for dei som slet ikkje har fått med seg dette hovedoppgøret. Frærramma kan sjølvagt diskutera, men la oss ikkje mista gangsynet. Nytenking må ikkje bli nyta.

Når dette er vel slått fast, kan ein filosofera over kva som er årsaka til at det stadig er grobunn for nye rehabiliteringsforsok for landsvilkademde, til og med for sjefen sjølv, Quisling. Mye tydar på at svaret er den einøyde debatten som har pågått i over 40 år om forspelet til 9. april, om utenriksminister Koht, om regjeringa Nygaardsvold og om vårt mistreystige forsvar.

Dette må vera eit tankekors for alle glade 9. april-debattantar. Korleis våre fagfolk på området forvalta våre forsvarsressursar i 1940, kunne vera gjenstand for ein eigen kronikk, men kva kan seiast at vi langt på veg finn svaret i «Innstilling frå den militære undersøkelseskommisjon av 1946» (DMU). Av meir eller mindre gode grunnar blei ikkje denne frigitt for

1979, i motsetning til den tilsvarande sivile delen som kom i 1947.

Vi hadde eit brukbart forsvar i 1940, det tyske krigsutbyttet vár på 352 millionar 1942-kronar — tilsvarande sju gonger forsvarslovgivningane for 1939. Men det meste gjekk gale, eller som det heiter i DMU om «Mukerey fort» med topp moderne, grove skyts og fleire gode målobservasjoner (s. 36):

«Her som på så mange andre steder fár en inntrykk av at interessen koncentrerte seg om å få en rimelig grunn til å gi opp». 34 år etter krigen blei dette tilgjengelig lesning for oss alle, men kor mange har lest DMU? I mellomtida har politikarane vore fritt vilt, og vi har alle hatt ein parti i «Blucher» på bunnen av Drøbakssundet.

Kva det regjeringsfiendtlege miljøet utafor NS hadde å seia for forsvarsevne og slagkraft i aprildagane 1940 er ei anna sak. Medan konge og regjering bokstaveleg tala kjempa for sine liv, melde Aftenposten 10. april:

«Efter hvad Aftenposten erfarer har regjeringen Quisling i løpet av gårdagen holdt en rekke møter og truffet beslutninger av stor betydning. De vil etter hvert trede i kraft.»

Dette er konstruert historie, fordi det fortel at Norges største avis, utan motforestillinger og utan press, aksepterte begrepet «regjeringen Quisling», trass i at denne mannen hadde kalla attende regjeringsordren om «alminnelig mobilisering», som er gjengitt i 9. april-utgåvene av norske aviser, og hadde proklamert i NRK at «all videre motstand (er) ikke bare nytteløs, men også direkte ensbetydende med kriminel ødelegelse...». Mektige politiske miljø syntte i april 1940, med ein snever politisk gevinst i utsikt, ei hodelaus haldning til den nasjonale katastrofe som råka landet vårt.

La oss gjera kort prosess med alle forsok på relativisering av ansvar for og konsekvens av politisk haldning og handling, helst mens vi ennå har sanningsvitna blant oss. Det trengs ei opprydding, ei klargjering av sentrale begrep som er konjunkturavhengige, ja, som rett og slett er ein del av vårt demokratiske verdigrunnlag. Her blir historikarane sentrale, same kva «skule» dei kan seiast å tilhøyrja. Med rot i jordsmonnet som då oppstår, skal Ringdal sine tusen blomar få bløma. Då vil både dei og vi trivast betre.

Nasjonalt og demokratisk verdigrunnlag

da som var mest i samsvar med deira politiske haldning og morsakles leining. I ein slik situasjon må deltagarane reikna med å stå til ansvar for sitt sidevalg, alt etter kven som går seierrik ut av oppgjøret/krigen. A hevda at dette er «seierherrens justis» er like originalt som å påsta at jorda er rund. Poengen er kva slags justis seierherren praktiserar, og dei fleste vil hevda at dei som seira 1945 verdsatte rettsstatens speleregler vesentleg hegare enn taparen.

Slike resonneremang forstår ikke NS-kretsen rundt «Folk og land», og det skal vi vel heller ikkje venta. Men det er fleire og flere utanom denne kretsen som tuklar med krigen utan å ha dei mest elementære definisjonar klart for seg. Dette er den andre linja i debatten: Kravet om omvurdering av «heltar», og rehabilitering av «skurkar». «Folk og land» har hatt ei tilkande aggressiv utvikling, med stadig nye giesteskribentar frå høgresida i norsk presseverden.

Krumtappen er Idar Aarheim. Eit av hans gullkorn er at norsk motstandsørseigentlig var uulovleg. Han er seint ute med sin visdom. Dette slo okkupantane fast for over 40 år sidan! Når han så får «Hjemmefront-

NS-kretsen meir og meir aggressiv

vel slått fast, kan ein filosofera over kva som er årsaka til at det stadig er grobunn for nye rehabiliteringsforsok for landsvilkademde, til og med for sjefen sjølv, Quisling. Mye tydar på at svaret er den einøyde debatten som har pågått i over 40 år om forspelet til 9. april, om utenriksminister Koht, om regjeringa Nygaardsvold og om vårt mistreystige forsvar.